

Kunngjering 2023: Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene på NAV-kontoret

Føremålet med tilskotsordninga er å stimulere til utvikling av dei sosiale tenestene og tiltaka i kommunane etter sosialtenestelova.

Det overordna målet med denne tilskotsordninga er å skape eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane.

Kven kan søkje: NAV-kontor

Søknadsfrist: Onsdag 1. februar 2023

Tidsperiode: Tilskot blir gitt primært for eitt år frå oppstartsdato, men det kan bli gitt tilskot i inntil tre år til same tiltak.

Rapportering: Fristen for status- og rekneskapsrapportering er 1. februar 2024.

Referanse: Statsbudsjettet, Arbeids- og sosialdepartementet kapittel 0621 post 63.

Beløp: Det blir gitt inntil 610 000 kroner per 100 prosent stilling (løn og sosiale utgifter) og inntil 20 000 kroner per tiltak til kompetanse som trengst spesifikt for dette tiltaket (t.d. design, evaluering, utvikling og/eller fagleg).

Føremål og målgruppe

Føremålet med tilskotsordninga er å stimulere til utvikling av sosiale tenester som er heimla i sosialtenestelova. Sosialtenestelova inngår i det samla velferdsansvaret til kommunen.

Sosialtenestelova har som føremål å betre levekåra for vanskelegstilte. Ho skal

- bidra til sosial og økonomisk tryggleik, derimellom at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet
- bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod
- bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem

Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer skal innbyggjarane i kommunen oppleve auka kvalitet i tenestene, og dermed betre levekår.

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

Følgjande utviklingsområde vil bli særskilt prioriterte i 2023:

- Heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane
- Arbeid med barnefamiliar, ungdom, innvandrarakar og langtidsmottakarar av sosiale tenester
- Sikring av sårbare overgangar som til dømes lauslating etter straffegjennomføring, overgang mellom utdanning og arbeidsliv, og mellom ulike tenester som barnevernet og NAV
- Førebygging og/eller tidleg innsats

Våre tips til deg som ønskjer å søkje

Om rettleiing og inspirasjon:

- Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt dersom du har spørsmål eller treng rettleiing.
- Sjå sida «Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene på NAV-kontoret» for inspirasjon og informasjon om og frå tilskotsmottakarane.

Om utarbeiding av tiltaket:

- Ha ei brukarorientert tilnærming til utviklingsarbeidet.
- Planlegg for implementering frå start.
- Sørg for god forankring, god organisering og tydeleg(e) plan(ar).
- Bruk levekårsutfordringar i kommunen som bakteppe for søknaden.
- Bruk utviklingstilskotet som verkemiddel i arbeidet med det samla velferdsansvaret til kommunen.

Om overordna fokus:

- Sjå utviklingstilskotet i samanheng med det kommunale arbeidet med berekraftmåla til FN, barnekonvensjonen o.l.
- Planlegg for implementering av aktuell ny lovgiving som t.d. lov om endringar i velferdstenestelovgivinga ([Samarbeid om tenester til barn, unge og deira familiar](#)).
- Planlegg for utviklingsarbeid som er forankra i relevante nasjonale satsingar og strategiar som t.d. <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/> og

[Like moglegheiter i oppveksten, Samarbeidsstrategien til regjeringa for barn og ungdom i låginntektsfamiljar \(2020–2023\) \(regjeringen.no\).](#)

Det blir ikkje gitt tilskot til

- kommunar som får programfinansiering gjennom 0–24-satsinga, og som søker om tiltak til same målgruppe
- implementering av ferdig utvikla metodar og arbeidsmåtar
- søknader som berre beskriv kapasitetsauke i tenesta

Korleis søker du?

Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt dersom du har spørsmål eller treng rettleiing. Signer og send den ferdig utfylte søknaden til statsforvaltaren i fylket ditt.

	Telefonnummer	E-post
Statsforvalteren i Agder	37 01 75 00	sfagpost@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Innlandet	61 26 60 00	sfinpost@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	71 25 84 00	sfmrpost@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Nordland	75 53 15 00	sfnopost@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Oslo og Viken	69 24 70 00	sfovpst@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Rogaland	51 56 87 00	sfropost@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	78 95 03 00	sftfpst@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Trøndelag	74 16 80 00	sftlpst@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	33 37 10 00	sfvtpst@statsforvalteren.no
Statsforvaltaren i Vestland	57 64 30 00	sfvlpst@statsforvalteren.no